



Arkivnr: 2014/560-283

Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		19.01.2018

Rekneskap for 2017 og budsjett for 2018

Samandrag

Ungdommens fylkesutval skal presentere rekneskapet for 2017 for Ungdommens fylkesting 9.-11. februar. Ungdommens fylkesutval må og innstille eit budsjett for 2018 for Ungdommens fylkesting til same tid.

Det kan sjå ut som om rekneskapet for Ungdommens fylkesting 2017 kan vere noko mangelfullt. Nokre fakturaer kan framleis kome inn. Rekneskapet som er presentert i denne saka er per 11.01.2018. Ein kan sjå at på dei fleste postane har det vore brukt mindre enn budsjettert. Den einaste posten som går i minus er nettverkssamlinga der det vart brukt nesten 18 000 kr meir enn budsjettert. Det kan forklarast ved at eigenandelen berre var 1500 kr, samt at det var færre deltakarar enn tidlegare.

Ungdommens fylkesting hadde eit budsjett på 300 000 kr frå Hordaland fylkeskommune i 2017. I 2018 er dette auka til 310 000 kr. Under ligg administrasjonen sitt forslag til budsjett for 2018 saman med rekneskapet.

Administrasjonen har økt dei fleste postane noko, unntatt Eigen organisasjon.

Ungdommens fylkesting	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik
00 Diverse	0	6233	0	-6233
01 Utvalsmøter	60000	33714	55000	21286
02 Eigen organisasjon	20000	2359	20000	17641
03 Kurs og konferansar	45000	36851	45000	8149
04 Nettverkssamling	85000	81929	64000	-17929
05 Ungdommens fylkesting	100000	56239	87000	30761
Totalt	310 000	217325	271 000	53675

Forslag til innstilling

Ungdommens fylkesting gjer slike vedtak:

1. Ungdommens fylkesting godkjenner rekneskapet for 2017.
2. Ungdommens fylkesting vedtek budsjett for Ungdommens fylkesting 2018 slik det vert presentert i saka.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg
Rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.